



Arkivnr: 2014/20202-1

Saksbehandlar: Annbjørg Laupsa

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		16.09.2014

### Rekruttering til helse- og omsorgsfag

#### Samandrag

Fylkesrådmannen viser til møte i OPHE 19.03.2014 der representantane Jane Stangeland (AP) og Aslaug Hellesøy (KRF) stilte følgjande spørsmål:

*«Få ei sak/diskusjon i seminar/ om utfordringane når det gjeld rekruttering og utdanning til helse- og sosialsektoren. I den samanheng også vurdere ulike tiltak innan vaksenopplæring for å auke kompetansen inkludert språkkompetansen.»*

*«Rekruttering til helse- og omsorgsfag: Seminar der ein ser på alle sider av rekrutteringsutfordringane. Vurdering av: Aktuelt å bruke kompetansebevis «delkompetanse» - praksisbrev? Stimuleringstiltak? Auka fokus på språkopplæring?»*

Opplærings- og helseutvalet etterspurte i nemnde møte ønske om seminar/samling vedk. utfordringar vedk. rekruttering til helse- og sosialsektoren.

Rekruttering til helse- og omsorgsutdanningane er ei nasjonal utfordring (jamf *NIFU Rapport 5/2013*) og Fylkesrådmannen vil fremja ei sak, der ulike sider ved rekrutteringsarbeidet vert sett fokus på innanfor vidaregåande opplæring, vaksenopplæring og helsefagskulen.

Opplæring- og helseutvalet har også tidlegare handsame saker av betydning for rekrutteringa til helse- og sosialsektoren i møta 14.02.2012 (melding 19/12), 27.03.2012 (melding 27/12), 13.12.2011 (sak 69/11), 18.09.2012 . Opplæring og helseutvalet bad 23.11.2011 Hordaland fagskulestyre om å fremja ei sak om strategi for rekruttering i helsefaga i fagskulane.

På bakgrunn av dette har Fylkesrådmannen forslag til tiltak som kan bidra til auka rekruttering av unge og vaksne til helse- og omsorgssektoren. Samarbeidsfora, oppsökjande informasjonsarbeid, marknadsføring og konkrete informasjonstiltak vert vektlagt i saka. Språkvanskår er trass i mange pågående og gode tiltak ei stor utfordring grunna m.a. aukande tal minoritetspråklege unge og vaksne.

### FORSLAG TIL VEDTAK

<b>1</b>	Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til forslaget om å oppretta ei ekstern arbeidsgruppe som har til føremål å samarbeida om rekrutteringstiltak for å møta utfordringane i helse- og omsorgssektoren. Det vert kalla inn til seminar i januar/februar 2015.
<b>2</b>	Opplærings- og helseutvalet vedtek at det skal løvvast pengar til informasjon og rettleatingsarbeid der tilsette som arbeider i den vidaregåande skulen og helsefagskulen kan ha direkte kontakt med bedrifter/institusjonar ute i kommunane (rekrutteringskampanje).
<b>3</b>	Opplærings- og helseutvalet merkar seg utfordringane med språkopplæringa og vil bidra til å halda merksemda oppe slik at dette området stadig vert forbetra.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 27.08.2014

I Opplærings - og helseutvalet 19. 03. 2014 stilte representanten Jane Stangeland (AP) og representanten Aslaug Hellesøy (KRF) følgjande spørsmål:

*Få ei sak/diskusjon i seminar/ om utfordringane når det gjeld rekruttering og utdanning til helse- og sosialsektoren. I den samanheng også vurdere ulike tiltak innan vaksenopplæring for å auke kompetansen inkludert språkkompetansen.*

*Rekruttering til helse- og omsorgsfag: Seminar der ein ser på alle sider av rekrutteringsutfordringane. Vurdering av: Aktuelt å bruke kompetansebevis «delkompetanse» - praksisbrev? Stimuleringsstiltak? Auka fokus på språkopplæring?*

Opplærings- og helseutvalet bad i møtet om: *Ønske om seminar/samling vedk. utfordringar vedk. rekruttering til helse- og sosialsektoren.*

Rekruttering til helse- og omsorgsutdanningane er ei nasjonal utfordring (jamf *NIFU Rapport 5/2013*) og Fylkesrådmannen vil fremja ei sak, der ulike sider ved rekrutteringsarbeidet vert sett fokus på innanfor vidaregående opplæring, vaksenopplæring og helsefagskulen.

Opplærings- og helseutvalet har også tidlegare handsoma saker med betydning for rekrutteringa til helse – og sosialsektoren. I møte 14.02.2012, vart det fatta eit vedtak om å fremja ei sak om korleis ein kan auka gjennomføringa i helsearbeidarfaget (melding 19/12). I samband med saka vart det, via Senter for yrkesrettleiing, sendt ut førespurnad til kommunar i Hordaland om tiltak for rekruttering til helsearbeidarfaget. Vidare har utvalet i møte 27.03.2012 handsoma melding 27/12: «Angående rekruttering av elevar til helsearbeidarfaget» og fatta følgjande vedtak: *Det settes også i gang et prøveprosjekt der elevar i helse- og sosialfag kan tilegne seg generell studiekompetanse i læretiden og OPHE bed om ei prøveordning ved 1-2 vidaregåande skular i HFK. Dette gjeld å utvide opplæringsretten for helsefagarbeidaropplæring til 5 år: 2 + 2 + 1. Målet er å få fleire til å fullføre læretida før ein eventuelt vel å ta studiespesialisering påbygg.*

I samband med fylkestinget si behandling av sak 69/11 «Årsbudsjett 2012/Økonomiplan 2012-2015» den 13.12.2011, sette Ruth Grung fram slikt oversendingsforslag:

*Hordaland fylkeskommune spelar ei viktig rolle i samhandlingsreforma. Skal vi få fleire til å velja helsefag og få betre tilpassa innhald til dei nye utfordringane er det naudsynt med tett samarbeid med kommunane, KS, Helse-Vest, helseføretaka, Høgskulane, NAV og relevante forskningsmiljø. Fylkestinget ber fylkesrådmannen fremja ei sak om korleis Hordaland kan bli eit leiande fylke for rekruttering og opplæring av både unge og vaksne tilpassa dei utfordringar vi har med at våre innbyggjarar skal få eit betre helsetilbod med Samhandlingsreforma.*

Opplærings- og helseutvalet handsoma *Rekruttering til og gjennomføring i helse- og oppvekstfag* på møte 18.09.2012 og vedtok:

1. Opplærings- og helseutvalet vedtek ei prøveordning med utvida opplæringsrett for elevar og lærlingar på helsearbeidarfaget. Prøveordninga gjeld elevar som begynner på VG2 Helsearbeidarfag hausten 2012 eller som begynner si læretid hausten 2012. Prøveordninga gjeld til og med juni 2017.
2. Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til dei føreslegne tiltaka for å styrkja rekrutteringa til og gjennomføringa i helse- og oppvekstfaget.
3. Opplærings- og helseutvalet ber om at det vert gitt ei årleg rapportering for prøveordninga.

I tillegg til saker som gjeld vidaregåande skule vart det 23.11.2011 sendt eit forslag til Hordaland fagskulestyre, der *Opplærings- og helseutvalet ber om at det fremmes en sak for utvalet ang. strategi for rekruttering i helsefagene ved fagskolene i Hordaland.*

## 2. Dagens situasjon

Hordaland fylkeskommune har ansvar for opplæringa innanfor helse- og oppvekst i vidaregåande opplæring, vaksenopplæringa og helsefagskulen.

### a) Vidaregåande opplæring

God rekruttering til Vg1 helsefagarbeidar er avgjerande for tal på lærekontraktar, og dermed antal utdanna helsefagarbeidrarar.

Tala under syner kullet som kom inn på VG1 i 2012/13:

Tal elevar på VG1 – HO	722	i	2012/13
Tal elevar på VG2 – helsearbeiderfag	291	i	2013/14

Ved søkerstid i mars var det 150 personer som søkte læreplass innan helsearbeiderfaget. Pr 13. august 2014 var det 88 elevar som var formidla til læreplass. (Sjå tabell under.) I tillegg var det 6 elevar som søkte læreplass utan å vera kvalifiserte. 24 personar har søkt utan ungdomsrett og har ikkje blitt formidla. Desse har vore med i formidlingsprosessen. Ein elev har takka nei til læreplass.

	Tal søkerar	Søkarar med urett utan læreplass	Formidla	Inntekne på skule	Søkarar frå andre fylke som er stoppa	Trekte søknadar	Takka nei til læreplass
HEA	150	4	88	10	2	15	1

**Status lærekontraktar :** 300 i helsearbeiderfag, der 7 er lærekandidatar.

**Fagprøvar:** I 2013 vart det gjennomført 267 fagprøvar innan helsearbeiderfaget (HEA), både frå ordinært løp og frå vaksenopplæring/ praksiskandidatar. 2 av desse helsefagarbeidrarane var lærekandidatar.

**Påbygg:** Av totalt 884 elevar som starta påbygging til studiekompetanse kom 335 av desse frå utdanningsløp innan HO.

Tal i tabellane viser at av dei 722 elevane som starta på Vg1 HO hausten 2012 gjekk berre 291 elevar vidare på Vg2 Helsearbeiderfaget året etter. Av desse elevane er 88 formidla til læreplass.

### b) Vaksenopplæring

Vaksne deltakarar utgjer ei stor gruppe og er den største og mest stabile rekrutteringskjelda til faga. (jamf. NIFU Rapport 5/2013). Tilbod for vaksne er tilgjengelege i regionane i fylket og er fordelt på 8 vaksenopplæringssenter/vidaregåande skular. Det er normalt god kontakt mellom kommunane og vaksenopplæringssentra. Inntaket til opplæring i dei to faga speglar i hovudtrekk den samla etterspurnaden frå kommunane og frå dei einskilde vaksne.

Talet på vaksne i Hordaland for skuleåret 2013 / 2014 er 178 deltakarar innan Helsearbeiderfaget. Omlag 90 % av desse gjennomfører opplæringa.

Det finnест fleire tilbod for vaksne:

- Praksiskandidat

Dersom ein har arbeidd i eit yrke i fleire år og ynskjer eit fag- eller sveinebrev er det mogleg å oppnå dette utan å vere lærling. Opplæringslova § 3-5 gjer det mogleg å melde seg opp som praksiskandidat. Krava til å få godkjent ei slik oppmelding kan kort summerast slik: Dokumentert allsidig praksis som er 25 % lengre enn læretida i faget. Godkjent teori i faget ein melder deg opp i, vanlegvis ein eksamen for VG3/opplæring i bedrift

- Vaksenopplæring på arbeidsplassen (VOPA) i helsearbeidarfaget (HEA)

Hordaland fylkeskommune har delteke i eit nasjonalt prosjekt for å utvikla nye modellar for utdanning av tilsette på eigen arbeidsplass i helse- og oppvekstsektoren. Prosjektet skal medverka til at fleire vaksne tek fagbrev og dermed til auka kompetanse i ein raskt veksande sektor. Hordalandsmodellen byggjer på eit samarbeid mellom lærar, instruktør, arbeidsgjevar og den einskilde vaksne. Opplæringa kvitterar ut dei einskilde kompetansemåla på Vg3. Den vaksne melder seg opp til fagprøva når alle måla er oppnådd. Dei vaksne får dermed eit kvalitativt betre, føreseieleg og kortare utdanningsløp samanlikna med praksiskandidatordninga. Lønborg videregående skole har ansvaret for tiltaket i Hordaland. 30 deltakarar har gjennomført opplæringa. Tiltaket er forlenga ut 2015 med 30 nye deltakarar. Dei fleste deltakarane er rekruttert frå verksemder i Bergen kommune.

**c) Helsefagskulen**

Hordaland fylkeskommune har i dag éin helsefagskule, Fusa fagskule, som har 7 NOKUT-godkjente fagskuletilbod innan helse- og sosialfag. Hordaland fagskulestyre er øvste styringsorgan for fagskulen, medan midlar til desse helseutdanningane vert finansiert gjennom ei øyremerka tilskotsordning frå Helsedirektoratet. Fylkeskommunen har fått delegert tilskotsansvar for denne ordninga, og det er OPHE som er ansvarleg for å tildela midlar til offentlege og private tilbydarar som søker støtte.

Fusa fagskule har følgjande godkjente fagskuletilbod:

Psykisk helsearbeid	Spesialreinhald og sterilforsyning
Rehabilitering	Helse, aldring og aktiv omsorg
Kreftomsorg og lindrande pleie	Livsstil- og kroniske sjukdommar
Rus og avhengigheitsproblematikk	

Fusa fagskule har fått løyvd tilskot til inntil 75 nye studentar denne hausten, og kan soleis starta opp inntil 5 tilbod. Det er per i dag 31 reelle søkerar til dei 75 studentplassane. Søkerane fordeler seg hovudsakleg på følgjande tilbod: *Rus og avhengigheitsproblematikk*, *Kreftomsorg og lindrande pleie* og *Psykisk helsearbeid*. Desse tilboda vil med dagens søkjartal kunna starta opp. Tilboda *Rehabilitering* og *Helse, aldring og aktiv omsorg* har få søkerar og vil ikkje kunne starta opp med mindre det kjem fleire søkerar.

Fagskuletilboda innan helsefaga er viktige utdanninger i høve til Samhandlingsreforma som krev at kommunane skal ha meir kompetanse for å følgje opp pasientar som vert utskrivne frå sjukehusa. Utdanningane er også viktige som ein vidare utdanningsveg for helsefagarbeidarar. Dette er deltidsutdanninger som arbeidstakarane tek med støtte frå arbeidsgivar. Det vert oppretta klassar etter behov. Tilboda er desentraliserte, og det vert gjeve undervisning fleire stader i fylket.

### **3. Utfordringar i samband med rekrutteringsarbeidet**

#### **a) Språk**

- Norskoplæring for elevar i vidaregåande skule

Ved innsøking til vidaregåande opplæring skuleåret 2014/2015 har 1676 framandspråklege elevar søkt om skuleplass. Det er ein auke på om lag 10 %.

Søknaden frå minoritetsspråklege til helse- og oppvekstfaga er stor og aukande. Om lag 30% av deltakarane i Helse og oppvekstfag har eit anna morsmål enn norsk. Denne utfordringa har Hordaland fylkeskommune møtt ved å oppretta klassar i Vg1 for minoritetsspråklege elevar med kort butid, der det er særleg fokus på «helsenorsk» (Fyllingsdalen vgs og Lønborg vgs.) Etter Vg1 må elevane søkja opptak i ordinære klassar.

HFK har 12 innføringsklassar (2013-14) og mange elevar vel Helse- og oppvekstfag på Vg1. For komande skuleår har vi utvikla lokal læreplan for innføringsklassane. I alle dei 6 fellesfaga er fokus retta mot styrking av norskkompetansen til elevane, med 2 ulike nivå.

Fylkesrådmannen gjer og merksam på at vi kvar sommar har eiga gruppe i norsk for minoritetsspråklege elevar ved sommarskulen i Bergen. Fleire av årets 17 deltakarar tek til med helse- og oppvekstfag dette skuleåret.

- Norskoplæring for vaksne

Vaksenopplæringa har også fleire tiltak for å sikra og styrka norskkompetansen hjå deltakarane. Norskkompetansen vert testa ved inntak til vaksenopplæring. Testresultata vert lagt til grunn ved rettleiing av den vaksne og ved tilrettelegging av opplæringa.

Yrkesfag:

- Konsentrert norsk fellesfag på Vg1
- Ekstra timar til norsk i yrket
- Eigne minoritetsspråklege grupper

NAV, Bergen kommune og fylkeskommunen samarbeider om å gje flyktningar eit tilbod om utdanning og praksis i helsearbeidarfaget fram mot fagbrev. Fellesfaga inngår i opplæringa, med vekt på norskfaget. Utdanninga har tilnærma normal progresjon over 2 år. Det kan sjå ut til at vi i denne, i vaksenopplæringssamanheng relativt omstendelege modellen, har best resultat i språkopplæringa. Fylkeskommunen har formelt ikkje ansvar for å gje ekstra norskoplæring for deltakarar i vaksenopplæringa. Dette er eit ansvar som kommunane skal løysa gjennom introduksjonslova og eventuelt tilbod om grunnskuleutdanning for innvandrarar, eller som den einskilde vaksne innvandrar sjølv er ansvarleg for. Fylkeskommunen nyttar i 2013 om lag kr 1,7 mill til ekstra norskoplæring.

- Norskoplæring i fagskulen.

Helsefagskulen har også språkutfordringar i undervisninga grunna manglande norskkunnskapar hjå ein del studentar.

#### **b) Andre utfordringar**

Fylkesrådmannen ser også andre utfordringar som må løysast for å betra rekrutteringa til helse- og sosialsektoren. Av desse nemner ein:

- informasjon

- marknadsføring
- samarbeid med bedrifter/verksemder
- heilskapleg tenking og samarbeid med eksterne og interne aktørar

Desse utfordringane vert omhandla under punktet om tiltak.

#### **4. Tiltak for å auka rekrutteringa til helse– og sosialsektoren**

Hordaland fylkeskommune legg ned mykje arbeid i informasjon og rekrutteringssamanheng, og det vert arbeidd på fleire nivå. Seksjon skule inkludert Senter for yrkesrettleiing (SYR), fagopplæringskontoret, vaksenopplæringa og helsefagskulen har alle merksemd retta mot å gje god informasjon og rettleiing til elevar, studentar og vaksne.

**Senter for yrkesrettleiing (SYR)** vil skuleåret 2014/2015 ha auka merksemd på informasjon.

Helse– og oppvekstfaget har gjennom åra utvikla fleksibilitet, og fleire opplæringstilbod er starta opp. Ei viktig oppgåve er å informera skulerådgjevarane og bidra til å dyktiggjera dei i sitt arbeid der dei i si rådgjeving kan ha fokus på alle opplæringstilbod innan helse– og omsorg. Dette for å tydeleggjera at det i dag er utviklingsmulighet for unge som vil velja HO– utdanning. Her er det særleg helsefagskulen som starta opp i 2008 som må gjerast betre kjent for både dei unge og for leiinga/arbeidstakarane i helseinstitusjonar og i kommunar. Faglærarar i helsefagskulen vert invitert med på møte som opplæringsavdelinga arrangerer for rådgjevarane i grunnskulen (ungdomstrinnet).

Opplæringsavdelinga/SYR planlegg i samarbeid med NHO obligatoriske «Søkja læreplass-kurs» for Vg2 HO skuleåret 2014/2015. Dette kurset skal gje ungdommene konkret hjelp til å søkja læreplass, og ungdomane skal få svar på aktuelle spørsmål som vil kunna motivera til å ta fagbrev. Hausten 2014 startar opplæringsavdelinga kurs for rådgjevarar og lærarar, der målsettinga er å gje god informasjon frå fagskular og høgskular som gjev «y–vegen» som ein karriereveg. Her inngår også bedriftsbesøk. Per dags dato har nærmare 30 rådgjevarar meldt seg på kurset.

**Stimuleringsmidlar:** Lønborg vgs har skuleåret 2013–2014 fått stimuleringsmidlar til å utprøva ein modell i prosjektet «Tett på», der lærlingar er instruktørar for elevar i prosjekt til fordjuping i HO. Søknad for vidareføring av prosjektet komande skuleår ligg til handsaming.

Fjell kommune har fått stimuleringsmidlar til arbeid med lærlingordninga der målet er å informera om utdanninger innan helse og omsorg og rekruttera fleire vaksne til å ta fagbrev. Stimuleringsmidlar utover dette er ikkje avgrensa til HO, og det er ikkje nye HO–tiltak.

**Kompetansebevis:** Bruk av kompetansebevis avgrensar seg til dei høva der kandidatar har vore gjennom lærekandidatordninga og bestått med kompetansebevis.

**Praksisbrev:** I OPHE 03.06.2014 vart det vedteke å starta utprøving av ei ordning med praksisbrev hausten 2015. Ordninga skal evaluerast etter to år, der ein avgjer om den skal gjerast permanent. Det er ikkje utvikla nasjonale læreplanar for helsearbeidarfaget, og praksisbrevordninga kan såleis ikkje gjelda utdanning til helsefagarbeidar.

**Helsefagskulen,** Fusa fagskule, har mange godkjente tilbod om fagskuleutdanning. Det har vore tre planleggingsmøte, og i desse dagar vert det utarbeidd ein plan for å auka rekrutteringa til helsefag–utdanninga. Helsefagskulen opplever interesse frå kommunar og andre aktuelle institusjonar, men søknaden er låg. Hordaland fylkeskommune treng meir kunnskap om kva som er kritiske faktorar for å ta fagskuleutdanning. Planlagt arbeid skal ha som mål å fremja rekruttering både til fagskulen og helsefagarbeidarutdanninga, og skal ha ei tidsramme på 2 år.

## **5. Samarbeidspartnarar i rekrutteringsarbeidet**

### **a) Kommunenes sentralforbund (KS)**

KS, både i Hordaland og nasjonalt, arbeider målretta for å auka rekrutteringa til helse- og omsorgsyrka. Det er viktig at dette arbeidet vert teke med i dei heilskaplege rekrutteringsplanane, og at opplæringsavdelinga og KS-lokalt har jamnlege samrådingsmøte.

**Bli helsefagarbeider** er eit nasjonalt prosjekt som er finansiert av Helsedirektoratet via Kompetanseløftet 2015. Målgruppa er både unge og vaksne utan formell utdanning. Målet på nasjonalt nivå er at bruttotilgangen årleg skal vere 4500 helsefagarbeidrarar, herav 1500 unge og 3000 vaksne. For å nå desse måla må det arbeidast med rekruttering på ulike måtar, med ulike metodar og på ulike nivå i både utdannings- og helse- og omsorgssektoren. Blant anna må fleire vaksne utan formell utdanning motiverast til å kvalifisera seg som helsefagarbeidarar. Prosjektet skal òg bidra til å auka antal lærepllassar i kommunar, helseføretak og private verksemder på same tid som det rettast merksemrd på kvaliteten i opplæringa.

Samfunnskontrakten for fleire lærepllassar er òg eit viktig styringsdokument for prosjektet. Denne kontrakten vart initiert av Kunnskapsdepartementet og signert av alle partane i arbeidslivet i 2012 med overordna mål å forankra fagopplæringa i alle relevante bransjar og sektorar, og få lærekontraktar til alle elevar som ynskjer det.

Styringsgruppa til *Bli helsefagarbeider* er samansett av representantar frå Helsedirektoratet og Arbeidsgiverorganisasjonane KS, Virke og Spekter. Det er fem fulltidstilsette i prosjektet. Alle prosjektrettleiarane har sitt tilsettingsforhold i kommunesektoren sin organisasjon KS, og ein av desse har Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane som sine særskilde fokusområde.

Vedlegg 1 inneholder utfyllande informasjon og kontaktperson for KS lokalt.

### **b) Fylkesmannen i Hordaland (FM)**

I Fylkesmannen sitt Embetsbrev vert det forventa at FM har oversikt over rekrutteringssituasjon og kompetansebehov i kommunane og utdanningstilbod i sin region. Fagområde og opplæringsordningar med høg prioritet er blant anna kvalifisering av helsefagarbeidrarar.

FM skal ha løpende oversikt over utviklinga i antal og andel utførte årsverk med fagutdanning innan brukarretta pleie- og omsorgstenester.

Oppgåver er å bidra til samarbeid og dialog gjennom nettverk, konferansar m.m. med fylkeskommunen, utdanningstilbydarar og partane i arbeidslivet for å oppnå måla i Kompetanseløftet. Representant frå FM deltek i planlegging av rekrutteringsarbeidet.

(Sjå vedlegg 2 om Kompetanseløftet).

### **c) Universitet- og høgskulenivå (UH-sektoren)**

Opplæringsavdelinga har eit godt, men sporadisk samarbeid med Universitetet- og Høgskulen i Bergen. I dag er det samarbeid om m.a. rettleiing i samband med praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), hospitering, fagdagar, praksisplassar for elevar og studentar, lærepllassar, utvikling av helsefagskuluttilbod og etter- og vidareutdanning. Dette samarbeidet kan vidareutviklast.

### **d) Intern og ekstern arbeidsgruppe/seminar:**

Mykje ressursar vert nytta til rekrutteringsarbeid, og mange gode tiltak vert gjennomførte. Det kan synast som om heilskapstenkinga har mangla, og dei ulike prosjekta/tiltaka har vore lite samordna. Det kan derfor vera føremålstøylen leg å kalla inn til eit seminar, der den heilskaplege tenkinga har fokus. Januar/februar 2015 kan vera eit høveleg tidspunkt for oppstart av arbeidet/ gjennomføring av seminar. I denne arbeidsgruppa ynskjer ein representantar frå politiske utval, kommunar, Fylkesmannen i Hordaland, helseføretak, UH-sektoren, partane i arbeidslivet, opplæringsavdelinga, fagopplæring, fagleg arbeidsutval (FAU-Ho), Senter for yrkesretting (SYR), KS, helsefagskulen, skular, NAV. Fleire instansar kan vera aktuelle. Fram mot

oppstart av seminaret må det utarbeidast målsetting, mandat for gruppa, tidsplan m.m. Forskningsrapportar, t.d. NIFU Rapport 5/2013, har evaluert rekrutteringstiltak og presenterer ulike årsaker til at elevsøknaden til HO er lav, kvifor det er vanskeleg å rekruttera ungdommar til utdanninga m.m. I arbeidsgruppa må ein vurdera tilgjengeleg forskningsresultat.

I tillegg bør det opprettast ei intern gruppe som kan arbeida langsiktig og heilskapleg med rekruttering til HO. Ulike avdelingar i fylkeskommunen har forskjellige oppdrag/oppgåver og kan ha arbeid som grenser opp mot einannan. Her kan ein utveksla kunnskap og kompetanse internt.

## **6. Marknadsføring**

Det vert arbeidd aktivt med marknadsføring gjennom sosiale media som Facebook og gjennom Google, i tillegg til i fagblad og aviser. Dette gjeld spesielt fagskulane. Fagskulane i Hordaland er også årleg til stades på utdanningsmessa for høgare utdanning i Grieghallen, og to gongar har det vorte arrangert konferanse for helsefagskulen for å rekruttera frå kommunane. Det er mange årlege konferansar retta mot helse- og omsorgssektoren, og det kan vere vanskeleg å nå ut i konkurransen med andre arrangørar og andre tema.

### **Rekrutteringskampanje:**

For å driva informasjonsarbeid og målretta rekruttering til helse- og sosialfaga generelt ynskjer opplæringsavdelinga i samarbeid med KS, Fusa fagskule og Fylkesmannen i Hordaland å starta ein kampanje med varigheit på eitt til to år. Som ein del av denne kampanjen vil det verta søkt Hordaland fagskulestyre om midlar til to stillingsressursar på 20 % kvar som skal marknadsføra fagskuletilboda direkte mot kommunane.

For å kunna marknadsføra breitt om det generelle utdanningstilbodet innan helse- og sosialfag treng ein ekstra midlar utover dei to stillingsressursane på 20 %. Tanken er å vere synleg med informasjon i kommunane om tilbod både på vidaregåande skule og fagskule, tilby rettleiing til potensielle søkerar og realkompetansevurdering for dei som manglar formalkompetanse.

### **Namneval:**

I rekrutteringssamanheng ser ein at det er ei ulempe at Fusa fagskule gjev inntrykk av å vere bunden til staden Fusa, av di fagskulen gjev tilbod til heile Hordaland. Det vil derfor verte fremja sak til Hordaland fagskulestyre i styremøte 11.09.2014 om at Fusa fagskule skiftar namn til Hordaland helsefagskule.

### **Kommunikasjon:**

Opplæringsavdelinga samarbeider tett med Kommunikasjonsavdelinga i fylkeskommunen, og informasjon for å auka rekrutteringa til helse- og omsorgsyrka vil verta prioritert. Dette ut frå trangen for denne utdanninga både nasjonalt og lokalt, og for å setja fokus på dei utdanningstilboda Hordaland fylkeskommune kan tilby både unge og vaksne.

## **7. Økonomi**

Til rekruttering og marknadsføringstiltak bør det årleg setjast av om lag 500 000 kr for å nå målsettinga om auka rekruttering av fleire unge og vaksne, inkludert helsefagstudentar, som utdannar seg innan helse- og sosialsektoren. Midlane skal nyttast til arbeid i direkte kontakt med institusjonar, bedrifter og kommunar.

Vedlegg 1: **KS –oppgåver.**

**Vedlegg 2: Kompetanseløftet 2015**